

Februar til mars

Gode innbyggjarar i Gol!

Brått var påskeferien i gang.

Det var ikkje ei eige oppdatering for februar månad denne gongen. Det har med andre ord vore travelt.

Februar starta med eit av mange samarbeidsmøter der eg inviterte lag og organisasjonar til ein dialog om korleis me kan få til sambruk av Gol nye skule. Der fekk eg mange god innspel, som eg tok med meg attende til administrasjonen, og eg forfatta ei attendemelding som i korte trekk sa at sambruk kan tidligast gjennomførast våren 2017 og at kommunen no arbeidar med å sjå vidare på korleis ein kan leggje opp eit booking system for skulen samt andre kommunale bygg som sikrar forutsigbarheit, tilgjengelegheit og system for framtida.

Landbruksministeren kom og på besøk i februar til Nortura der eg var invitert med. Det var moro å sjå ein så entusiastisk minister som tydeleg visst korleis ein skal slakte!

Så var det eigarsamling i Hallingdal Kraftnett med nye spennande tankar for framtida med «smarthouse» teknologi. Det vil definitivt gje Hallingdal ein forsprang når det gjeld bu og bli attraktivitet og inn i arbeidet med velferdsteknologi i helse og omsorg.

Eg har og vore på mitt fyrste møte i Hallingdal Etablerarsenter som er eit viktig og riktig tiltak for å få fleire til å leva ut drømmene sine og starte noko nytt og kreativt. Me er eigentleg ganske framsynte og framoverlente, me hallingar!

Landsting i KS, som er kommunanes interesseorganisasjon, sendte meg rett inn i landstyret. Ei oppgåve eg verkeleg gleda meg til å ta fatt i. KS byr på massiv erfaringsutveksling og kunnskap, og det å få ein fot innom her trur eg er viktig for Gol kommune.

Veilederkorpset hadde gitt Gol kommune i oppgåve og foreta ei SWOT analyse som skulle gi oss innblikk i kva me er gode og ikkje fullt så gode på. Detta for å arbeide vidare med korleis Gol nye skule skal bli endå betre. Engasjerte skuleeigarar (politikarar) møtte opp og gav mange gode og kreative innspel.

Asylmottaket vart ein verkelegheit i februar, og me har kome i god dialog med mottaksleiar Vita Simon og UDI. På den måten sikrar me at me isaman møter dei arbeidsoppgåvene som kjem til å prege mottaket og den kommunale tenesta. Ein særslig entusiastisk mottaksleiar møtte opp på folkemøtet UDI og kommunen held i

mars. Godt var det og å sjå at så mange frå friviljugheita hadde teke turen for å stille spørsmål om korleis ein kan bidra.

Skuledag med MOT i ungdomsskulen minte meg om kor mykje flott ungdom som bur i Gol, og at dei verkeleg kan gjera kvarandre gode. 4H besøk frå Tanzania gjorde og inntrykk på meg, og eg håpar eg klarte å gjere inntrykk på dei når eg stolt viste fram bygdearkivet og dei andre avdelingane på Gol kommunehus.

Ein prat med Statens Vegvesen var og på sin plass når me no går inn i ei viktig politisk tid med forslag til nasjonal transportplan. Gol kom godt ut med ei satsing på Svenkerud-Gol i NTP. I tillegg til forslaget til NTP har SVV teikna alternative forslag til Vonheims linja på Gol. Desse forslaga må me ta høgde for i forbindelse med revidering av arealplanen i kommuneplanen til hausten, men det er positivt at ein endeleg tenkjer alternativt her. Kommunen må sørge for gode åtkomstar til sentrum.

Stamvegspørsmålet er stadig tema i arbeidskvardagen og vil vera det fram til våren 2017, og sist var interessentane for RV 7 og RV 52 samla på Gol. Detta var ein interessant verkstad, der Statens Vegvesen utfordra oss, slik som dei er utfordra med arbeidet i den nye konseptutvalutgreiinga mellom Gol-Voss. Eg har og vore inne på Stortinget og fortalt om RV 52 sine fordelar som stamveg til Arbeiderpartiets sine representantar i transportkomiteen.

I tillegg har eg besøk nestleiar i kommunalkomiteen og statsekretær i kommunal og moderniseringsdepartementet og gjort rede for kva utslag endringane i forslag til nytt inntektssystem får for Gol kommune. Og eg var så heldig og bli invitert til politisk kvarter i NRK til å innleie debatt med kommunalminister Jan Tore Sanner (H) og nestleiar i Senterpartiet Anne Beate Tvinnereim om nettopp inntektssystemet. Det var utruleg moro!

I samarbeid med Gol Reisemål inviterte eg til eit dialogmøte med reiselivsnæringa på Gol for å samordne samt fortelja kva kommunen bidreg med i reiselivsarbeidet. Det var eit fruktbart møte der me vart einige om å møtast ei gong til for å koma skrittet vidare. Det er positivt!

Tilslutt har kommunereformarbeidet verkeleg kome i gang. Arbeidsutvalet (ordførarane, rådmenn, prosessveileder) hatt sitt fyrste møte, og forhandlingsutvalet (politikarar, ungdomsrepresentantar og arbeidstakarrepresentantar) har hatt si fyrste samling. Det har i det store og det heile vore overraskande positivt, og det lovar godt. Me har klart å lyfte blikket og byrje med å teikne den nye kommunen, slik at me kan definere kva me velgjer eller velgjer bort når me skal ta avgjerdsela seinare i vår. Alle referat vil vera offentlege, eg og Tore (ordførar Nes) vil vera talsmenn i lokalavisa og me skal også arrangere folkemøter i april/mai. Eg vonar så mange som mogleg engasjerer seg og møter opp for å spørje, lytte og meine. Kommunens nettsider vil og vera oppdatert på dette.

Men no, no tek eg litt påskeferie og fyller på masse energi på nydelege Golsfjellet,
slik at eg møte frisk og rask til neste dyst.

Riktig god påske til alle saman, både fastbuande og turistar⁹